



Artikon As
Eidsbakken 81
6037 EIDSNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4701 - 23/46533

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
13.07.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 18/36 Toff

Tiltak: Fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 18/36
Tiltakshavar: Ole Jakob Nedregotten Akslen
Ansvarleg søkjar: Artikon As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.06.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er opplyst ved søknad at tiltaket skal koplast på eksisterande septiktank. Søknaden må supplerast med kart som syner plassering og leidningar, og eventuelle privatrettslege forhold må være sikra.
2. Det er krav til parkering jf. KP § 2.6.5. Det må gjerast greie for plass for parkering, og eventuelle privatrettslege forhold.
3. Rettighet til privat veg må gjerast greie for.
4. Situasjonskartet syner plassering av fritidsbustaden med avstand til gbnr 18/5 på 2.21 meter. Høvet krev dispensasjon frå pbl § 29.4, eller samtykke ved erklæring frå heimelshavar på nemnte eigedom.

Etterspurt dokumentasjon/ supplering av søknad sendes til post@alver.kommune.no.

5. Separat søknad om utsleppsløyve må sendast til Alver kommune avd. Miljø og Tilsyn.

Administrasjonen gjer elles merksam på at det ved søknad ikkje føre løyve til utvida bruk av avkøyrsløse. Søknad kan sendast direkte til Alver kommune avd. Samferdsel veg,- vatn,- og avløp forvaltning. Løyve må liggja føre ved søknad om igangsetjing.

Vi gjer også merksam på at det ei heller ligg føre dokumentasjon på forsvarleg tilgang til hygienisk og betryggande tilgang til drikkevatn, og sløkkevatn jf. pbl. §27-1. Høvet må vere gjort greie for ved søknad om igangsetjing.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 24.08.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Artikon As
Ole Jakob Nedregotten Akslen

Eidsbakken 81
Stasjonsvegen 15f

6037 EIDSNES
5221 NESTTUN